

## UTTALELSE FRA MELLOMKIRKELIG RÅDS MØTE 01.-02.06.04:

### **Mellomkyrkjeleg råd fordømer aksjonane i Rafah**

Mellomkyrkjeleg råd samla til møte i Fredrikstad 1. og 2. juni 2004 vil uttrykkje si medkjensle med dei som er ramma av dei militære aksjonane som er gjennomførte mot flyktingeleiren i Rafah i Gaza den siste tida. Den israelske hæren har dei siste vekene øydelagt 180 bustader, og over 50 palestinarar er drepne, mellom dei fleire barn. Åtaka i Rafah er i strid med internasjonal rett og fører til hat og meir vald. Mellomkyrkjeleg råd fordømer desse handlingane der uskuldige sivile vert ramma. Det er viktig at den norske regjeringa på høgste nivå uttrykkjer si fordøming av desse handlingane, og legg press på Israel for å kome med tiltak som kan gje håp om ei fornying av fredsprosessen. For å byggje ein varig fred må Israel opptre i samsvar med folkerett og menneskerettar. Mellomkyrkjeleg råd vil igjen slå fast alle åtak mot sivile må stansast - uansett kva side i konflikten som står bak.